

**Fra:** Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>  
**Sendt:** fredag 9. juli 2021 14:16  
**Til:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** Dispensasjon Rydland 173/3

Hei,

Viser tre brev via Digipost den siste veka (sak 21/345 - 21/38074)

Eg takkar from grundig og ryddig grunngjeving og informasjon.

I brev av 1. juli til Fylkeskommunen, "Vedtak til klagevurdering", der eg er kopimottakar, vert det gjort greie for saka.

Eg tillet meg å peike på att det er vesentleg informasjon mangal i det brevet, noko eg har skrive om tidlegare. For kva det er verdt gjer eg deg merksam på den her:

Vegen vart bygd av mellom andre min bestefar, ca 100 år etter at Iøa og gjødselkjeller kom opp. Det er difor noko her med rekkefølga som ikkje stemmer, og som eg meiner er vesentleg informasjon som skulle ha vore med i sakshandsaminga til Fylkeskommunen. Det er eit rettsleg prinsipp att dersom eit lovverk skal ha tilbakevirkende kraft - må det vera eksplisitt nedfelt i lova. I denne lova som de viser til, og som ligg til grunn for klageprosessen, er det ikkje ein slik klausul.

God sumar.

Inge Herman Rydland